

TREDJEDELS - ÅRSPLAN I KUNST OG HANDVERK

10. KLASSE (avdeling "harde materialar")

Perioden tar utgangspunkt i følgjande formuleringar i læreplanen om kva eleven bl.a. skal kunna:

- **designe produkt ut frå ein kravspesifikasjon for form og funksjon**
- **lage funksjonelle bruksgjenstander og vurdere kvaliteten på eige handverk**

Ostereidet ungdomskule har MUSIKAL i 10 kl. som eit satsingsområde. Kunst & Handverk vil vera ein del av arbeidet med og omkring musikalen. Tredjedelsårsplanen vil difor ta utgangspunkt i fagets kompetanse mål og dei reitt handverksmessige oppgåvene som kjem som ein del av arbeidet med musikalen. Elevane vil bli vurderte på bakgrunn av det totale arbeidet.

1. OPPGÅVER SOM DEL AV FAGPLANEN:
2. VURDERINGSKRITERIUM
3. MÅLOPPNÅING
4. EIGENVURDERING

Tid til disposisjon: effektiv tid: inntil 12 økter à 2 skuletimar, dvs 24 undervisningstimar (reelt berre 10 effektive pga frafall av timer)

I perioden skal du laga di eiga lyskjelde i form av ein lampe med elektrisk lys, eller ei lykt/lampe med levande lys

- Designa di eiga lyskjelde
 - Laga skisser og arbeidsteikning
 - Planleggja materialvalet og mengde (materialliste)
 - Gjennomføra arbeidet og koma fram til eit produkt i samsvar med planen og oppgåva
 - Dokumentera eige arbeid etter eige val i skisser, teikningar, bilete, film

VURDRINGSKRITERIUM:

- at teikningane kan lesast og forståast av andre
- at du driv eige arbeid framover ift den tida du har til disposisjon
- at du driv eige arbeid framover i tråd med planen din
- at du er viljig til å læra nye teknikkar, å bruka nytt verktøy
- at du tar del i fellesarbeidet med rydding, at du er hjelsam.
- at lysisjelda er sett saman slik at ho er sterk nok
- at lysisjelda er brannsikker
- at lysisjelda er eit både funksjonelt og estetisk produkt
- at du kan skjerpa/bryna/slipa eit verktøy du har bruk for i arbeidet ditt
- at du har orden på utstyr og eige arbeid
- at du tar vare på og brukar verktøyet på ein funksjonell måte

MÅLOPPNÅING - kva er låg, middels og høg måloppnåing?

Låg	Middels	Høg
Eleven blir ikkje ferdig i tide utan å bli hjelpt ganske mykje.	Eleven er stort sett ferdig i tide med litt hjelp.	Eleven er ferdig i tide utan hjelp. Konsentrert om eige arbeid og driv det framover. Har tid til overs
Eleven har stort sett ikkje heilt kontroll på eige arbeid og utstyr, må ofte spørja om att om ting som er vist og forklart.	Eleven har oversikt over eige arbeid og utstyr. Veit kva som skal gjerast i neste fase, følgjer med på kva andre gjer og registrerer.	Eleven har full oversikt over eige arbeid frå økt til økt og kan begynna der det vart avslutta sist. Treng ikkje forklaring ut over det som er gitt felles. Kan hjelpe andre i tillegg.
Eleven er ukjent med og lite sjølvhjelpen med verktøy som skal nyttast. Må visast fleire gonger ut over det som er gjort felles.	Eleven er ganske sjølvhjelpen, men treng litt hjelp med verktøy. Lærer nytt verktøy å kjenna og kan bruk det etter kvart.	Eleven er svært sjølvhjelpen og nyttar verktøyet funksjonelt slik det er demonstrert. Kan hjelpe og visa andre.
Eleven har liten del av det handverksmessige arbeidet og tek lite, eller ikkje ansvar for framdrifta	Eleven har ein god del av det handverksmessige arbeidet og tek ansvar for framdrifta	Eleven har svært stor del av det handverksmessige arbeidet og tek ansvar og driv det framover.
Eleven har lagt lita eller inga vekt på estetisk utforming av produktet gjennom form, dekor, farge, detaljar	Eleven har lagt vekt på estetisk utforming av produktet gjennom form, dekor, farge, detaljar	Eleven har lagt tydeleg vekt på estetisk utforming av produktet gjennom form, dekor, farge, detaljar

EIGENVURDERING I KUNST OG HANDVERK

- I vurdering i KUNST OG HANDVERK er det fint å få med ditt sitt syn på perioden i tillegg til det som faglærar kjenner til gjennom mange små samtalar og rettleiingssituasjonar med den enkelte eleven.
- Utgangspunktet er oppgåveteksten som du har arbeidd ut frå. I tillegg til sjølv teksten har faglærar mange gonger snakka om, forklart og utdjupa oppgåva både i plenum og i høve til einskildelevar. Dette er den personlege rettleiingsamtalen (ane) som er viktige.

Eigenvurdering for: _____ klasse: _____

Periode: _____ gruppe/dag/timar: _____

Produkt (forklar kort):

Vurderingskriterium	Låg målopp- nåing 1 – 2	Middels målopp- nåing 3 – 4	Høg målopp- nåing 5 - 6
Skisselfase, fleire skisser. Legg fram.			
Forståeleg arbeidsteikning i målestokk			
Har drive arbeidet framover, evne til sjølvstendig arbeid			
Kvalitet på eige arbeid, estetikk			
Kvalitet på eige arbeid, utføring, samanføyning, styrke etc			
Kjenner namn på og kan bruka verktøyet som trengst?			
Kjenner til og kan bruka elektrisk handverktøy			
Kan bruka elektriske maskiner (kapp/gjæring, bandsag, høvlar.)			
Kan skjerpa (bryna) minst eitt verktøy ?			
Blir ferdig, har planlagt tida i høve til produktet?			